



HÅ KOMMUNE

ETAT FOR HELSE- OG SOSIALSAKER

Mottatt HV RHF

- 1 JUN 2007

Helse Vest
Postboks 303, Forus

4066 STAVANGER

Dykkar ref.

Vår ref.
07/2904-2
11488/07 ISO

Arkivkode
G00 &13

Stad/Dato
Nærbø, 29.05.2007

SVAR - HØYRING - HELSE 2020

Vi viser til utsendt dokument til høyring om strategi for helseregionen og ynskjer å koma med to kommentarar.

Vi vil understreka innhaldet i punkt 6.1.4 om å forsera utarbeiding samhandlingsmodellar mellom HF og primærhelsetenesta ut frå pasientperspektiv. Her bør både HF, primærhelsetenesta og pasientrepresentantar delta i utarbeidinga.

I tiltak 5.5 vert det sagt at det er eit stort uutnytta potensial innanfor brukt av IKT. Vår vurdering er at dette kan utviklast betydeleg til beste for pasienten og spara arbeid for både første- og andrelinjetenesta og bør forserast. Vi kan nemna at legekontora bør kunna gå inn og bestilla time elektronisk for pasienten til enkle undersøkingar på røntgen, at all kommunikasjon til og frå sjukehus og primærhelsetenesta om pasientar (legar og pleie- og omsorgstenesta) bør kunna skje elektronisk.

Med helsing
HÅ KOMMUNE

Asle Torland
kommunalsjef

Inger Skretting Opstad
Inger Skretting Opstad
kommuneoverlege